

Bok på 1-2-3

Den vesle prinsen

Av Antoine De Saint-Exupéry

Omsett til nynorsk av Jon Fosse


Tverrfagleg undervisningsopplegg i norsk og KRLE for 7. trinnet. Med tilpassingar kan ressursen brukast på mellomtrinnet, ungdomstrinnet og vaksenopplæringa.

Tid: 180 minutt

Den vesle prinsen er ein verdskjend barnebokklassikar som vert rekna som allalderlitteratur. Boka filosoferer om kreativitet, vennskap og «det skjønne» i livet.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram utdraget til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar.
- Lysark som følgjer med ressursen.
- Ein boks.
- Skrivesaker til notat i samtalen.
- Aktivitet 4: Rekvisittar/kostyme. Fysiske eller digitale skrivesaker. Eventuelt noko å filme og redigere med.



Formål

Norsk

- Utforske det nynorske språket, og prøve ut ulike verkemiddel og framstillingsmåtar i munnlege og skriftelege tekstar.

KRLE

- Bruke filosofiske tenkemåtar i samtale og undring.
- Reflektere over eksistensielle spørsmål knytte til levesettet og levkåra til menneska og til framtida til kloden.



1 Før lesing

(20 minutt)

Samtale

Læraren kan seie: I dag møter vi ei ny forteljing, nye ord og tema. Dette skal vi få gjere med nyfikne og undring. Vi utforskar saman både tema og ord som er knytte til det som vi kan sjå, ta og kjenne på (konkret) og det som er tenkt (abstrakt).

Opne spørsmål

- Vi ser på framsida til boka. Kva ser du på biletet?
- Kva er ein prins? *Frå latin tyder ordet 'han som tek førsteplassen'.* Kvar er denne prinsen, trur de?

Spørsmål som er knytte til fakta. Her er vi også opne og undrande

- Kva er ei biletbok? *Det er ei bok der bilete og tekst skapar ei forteljing saman.* I *Den vesle prinsen* er det forfattaren som illustrerer bileta.
- Kva er ein fabel? *Fablar er korte, moralsk forteljingar. Hovudpersonane er ofte dyr som oppfører seg som menneske.*
- Kva er ein klassikar? *Omgrepet klassisk vert brukt om noko som har brei, anerkjent kvalitet over tid. Det kan vere ei biletbok som er veldig godt likt av både barn og vaksne i eit land eller ein verdsdel, også i møte med lesarar etter mange år.*

Den vesle prinsen er blitt ein klassikar i barneboksangeren. Forteljinga er dramatisert (det vil seie at det er laga teaterframsyning av boka) og omsett til ei rekke språk. Jon Fosse har omsett boka til nynorsk. La oss bli litt kjende med dei to forfattarane:

Antoine de Saint-Exupéry var ein fransk flygar og forfattar. Han forsvann då han var med på eit flytokt for dei allierte (USA, Sovjetunionen og Storbritannia) under den andre verdskrigen. På fransk heiter barneboka *Le petit Prince* og kom ut i 1943. Det er over 80 år sidan.

Jon Fosse fekk mykje merksemd då han fekk Nobelprisen i litteratur i 2023. Han har skrive romanar, essay, skodespel, dikt, noveller, kortprosa og barnebøker. Fosse har også omsett fleire klassikarar. Jon Fosse er nynorskbrukar. Det at teaterstykket hans har blitt omsette til over 50 språk, viser at Fosse treffer mange gjennom litteraturen sin.

Opne og undrande spørsmål: Vis fram ein boks. Kva trur de er inne i denne boksen? Kva kan ein boks innehalde?

Læraren kan seie at «no blir det spennande å bli kjent med flygaren og den vesle prinsen gjennom at vi les dei fire første kapitla av boka». Les med innleving. Ta stilling til om du skal framheve dei ulike karakterane ved hjelp av stemme og mimikk. Kvar treng ein å legge trykk eller undring i teksten? Ta små stopp innimellom. Det gir tid til at de kan dvele ved illustrasjonane eller den skriftlege teksten, og lesinga kan bli ei estetisk oppleving.

2 Lesing (30 minutt)

Læraren les høgt, og de opplever utdraget saman. Ta dykk tid til augeblikka, og ver gjerne merksame på kor elevane opplever høgdepunkt i lesinga. Ver også merksame der vaksen åtferd vert omtala.

Lag dykk ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa. Vit at alle kan lese nynorsk høgt, og at høgtlesinga er med på å bade elevane dine i nynorsk.

Gi elevane tid og rom til å undre seg over teksten. Legg til rette for at elevane kan sette ord på kjensler, eller utforskingar som kjem fram.

3 Etter lesinga (40 minutt)

Om barneromanen som heilskap

Læraren kan seie: I utdraget vi no har lese, fekk vi vere med då flygaren naudlanda i Sahara og møtte den vesle prinsen. Gjennom boka fortel prinsen om reisa si gjennom verdsrommet, frå planet til planet, for å finne venner og skjøne kva vennskap er.

På ferda har han vore innom ulike planetar, der det blant anna har budd ein konge utan undersåttar, ein drankar som drikk fordi han skjemmest, og skjemmest fordi han drikk, og ein forretningsmann som meiner han eig alle stjernene. Gjennom samtalen med den vesle prinsen går det opp for flygaren kva som eigentleg er viktig i livet: «Det er berre med hjartet ein ser godt. Det viktigaste er usynleg for auga.»

Den vesle prinsen er ein av dei mest lesne klassikarane i verda og vert rekna som allalderlitteratur, då han høver for større barn og vaksne i alle aldrar.

Moralen i boka er verdien av det skjønne (estetikk), vennskap og «det unyttige» i livet. Dette er i motsetnad til dei øydeleggande mennesketypane som prinsen møter på reisa si: herskaren, samlaren, økonomen og andre. Her kan vi dra linjer til tema som vennskap, berekraft, fantasi og evna til å kunne tenke nytt.

Vi tilrår sjølvsgatt å lese klassikaren som heilskap ved høve.



3 Etter lesinga (framhald)

Filosofisk samtale i grupper, så i plenum. Bruk skrivesaker til notat.

Vennskap

- Korleis kan det kjennast ut å ha ein god venn? Korleis er ein god venn? *Grunnlaget er å ha gode kjensler og ønske for kvarandre, og å kjenne kvarandre godt.*
- Kva kjensler vekke den vesle prinsen i flygaren?
- I utdraget les vi at flygaren vil binde sauene om dagen. Seinare i boka møter vi også ein herskar. Kva er å herske?
- Er makt negativt eller positivt? Kva er ein god måte å bruke makt på?

Fantasi og evna til å kunne tenke nytt

- Kva inntrykk fekk de av flygaren, den vesle prinsen og dei vaksne?
- På slutten av utdraget står det at «eg kan dessverre ikkje sjå sauene gjennom boksar. Kanskje er eg litt som dei vaksne menneska». Kva tyder det? Kva er det dei vaksne menneska i boka manglar, som den vesle prinsen har?
- Kva kan boka lære oss om fantasi, å tenke utanfor boksen og å snu etablerte tankar og førestillingar på hovudet?



4 Aktivitet (90 minutt)

Læraren kan seie: No skal vi gå i djupna på utdraget vi har lese.

Den vesle prinsen av Saint-Exupéry er framstilt for scene verda over. Fosse fekk sitt internasjonale gjennombrot særleg gjennom dramatikken.

No skal elevane samarbeide i grupper på tre (eller tilpassa ditt klasserom) og få arbeide kreativt med kapittel I til og med IV for teaterscene/klasseromscene! Det ferdige resultatet skal vere på 3-4 minutt, og kort og konsist ta føre seg kva som skjer i dei fire kapitla gjennom handling og dialog.

Manus kan utviklast gjennom eit storyboard/stolpemanus, eller de kan nytte modelleringa som de finn i skjemaet. Rekvisittar/kostyme/scenografi vert bestemt gjennom elevmedverknad eller av deg som tydeleg og varm lærar.

Å arbeide med nynorsk som scenespråk er ein spennande og gøy måte å arbeide med god nynorskidaktikk. Her legg vi vekt på presens og direkte tale. Alle som lærer nynorsk som sidemål, hovudmål og som innvandrar kan bruke nynorsk som scenespråk. Sjå berre hos *Den mangfaldige scene!*

Å arbeide prosessbasert med nynorsk rettskriving i manuset kan vere sentralt i aktiviteten. Grammatikkopplæring og kontrastiv språkundervisning er integrert i prosessen.

Ei løysing i staden for teater er å filme og redigere noko med utgangspunkt i manuset. Her kan lydeffektar, musikk og klipping vere visuelle verkemiddel i produktet. Å arbeide og leike med figurteater, der figurar og objekt gir liv til rollene, er eit verktøy som eignar seg godt. Tips til figurar/objekt kan vere Lego.

Les og arbeider de vidare med heile bildeboka, kan de bruke denne metoden for å framstille heile klassikaren til sal eller scene. Tilpass då til talet på roller og gruppa di.

Gjer dykk flid, og kos dykk med produksjonen og framsyninga. Brekk eit bein!

	Scene 1	Scene 2	Scene 3	Scene 4
Kva skjer?	<p>Modellering:</p> <p>Ein gut teiknar ei teikning av ein boaslange som fordøyer ein elefant.</p> <p>G/F: Dei vaksne kan ikkje forstå teikninga. Dei rår meg heller til å interessere meg for geografi, historie, rekning og grammatikk enn teikning.</p> <p>Forteljaren: Guten mister motet, veks opp og blir heller flygar. Han har kontakt med mange alvorlege menneske i livet sitt. Han får ikkje eit godt inntrykk, men tilpassar seg for å verke fornuftig.</p>	<p>Modellering:</p> <p>Forteljaren: Flygaren lever aleine fram til det skjer eit uhell i ørkenen Sahara.</p> <p>Flymotoren treng reparasjon, og det gjeld liv og død. Plutselig blir flygaren vekt av ei artig, lita røyst:</p> <p>P: Ver, snill ... teikn ein sau til meg!</p> <p>F: Eg såg ein liten, heilt uvanleg gut. Han verka ikkje bortkomen og døden nær.</p> <p>F: I mitt stille teikna eg ein elefant i ein boaslange, sidan det er det einaste eg kan teikne, men den vesle guten sa han ikkje ville ha ein elefant i ein boaslange (!). Han ville ha ein sau!</p> <p>F: Så eg teikna ein sau:</p> <p>P: Nei! Den er alt svært sjuk.</p> <p>F: Eg teikna ein ny sau:</p> <p>P: Du ser vel ... det er ingen sau, men ein vør.</p> <p>F: Og ein til ...</p> <p>P: Den er for gammal.</p> <p>F: Så eg teikna ein boks:</p> <p>F: Sauen du ønsker deg, er inne i den.</p> <p>P: Det er nett slik eg vil ha han!</p> <p>F: Og slik vart eg kjend med den vesle prinsen.</p>	<p>Modellering:</p> <p>P: Kva slags ting er det?</p> <p>F: Det er ikkje nokon ting. Det flyg. Det er eit fly. Det er flyet mitt.</p> <p>P: Så då kjem du òg frå himmelen! Kva planet er du ifrå?</p> <p>Forteljaren: Flygaren fekk med det same ein glimt inn i det mystiske nærværet til prinsen.</p> <p>F: Kvar kjem du ifrå, vesle prins? Kvar er heime for deg? Kvar vil du ta sauene min med deg?</p>	<p>Modellering:</p> <p>F: Eg forstod etter kvart at guten kom frå ein planet, og at planeten knapt var større enn eit hus!</p> <p>Forteljaren: Flygaren har gode grunnar til å tru at planeten den vesle prinsen kom ifrå er asteroide B 612, som dei vaksne menneska har gitt den i namn.</p> <p>F: Dei vaksne menneska elsker nemleg tal. Når vaksne snakkar til deg om ein ny venn, spør dei ikkje om viktige ting som korleis stemma hans er, kva leiker han liker best, kva han samlar på. Berre om tal: Kor gammal er han? Kva veg han? Kor mykje tener far hans? Berre då trur dei at dei kjenner han.</p> <p>Forteljaren: Om eg seier til dei vaksne at prøvet på at den vesle prinsen har funnest, er at han var sjarmerande, han lo, og han ville ha ein sau, vil dei vaksne trekke på skuldrane og sjå på dykk som barn!</p> <p>Forteljaren 2: Men om de seier til dei at planeten han kom frå, er asteroiden B 612, blir dei overtydde og let dykk vera i ferd for spørsmåla sine.</p> <p>F: Men vi som forstår oss på livet, vi bryr oss sjølvsagt ikkje om tal!</p>
Kven er med?	Forteljaren, guten/flygaren (G/F), vaksne og alvorlege menneske.	Forteljaren, flygaren, den vesle prinsen	Forteljaren, flygaren, den vesle prinsen	Flygaren, forteljaren og forteljar 2. Flygaren, forteljaren og forteljar 2.
Rekvisittar/kostyme/scenografi				
Regi (å leie det kunstnariske arbeidet fram til framsyning/innspeing)				
Dramaturgi (skodespelet si oppbygging, korleis historia er sett saman)				